

Bømlo kommune

Detaljregulering for Stongarvågen Panorama, gnr./bnr. 82/88 m.fl.

Plan-ID: 202509

Planprogram



Datering: 06.03.2026

Revidert etter høyring:

Vedtak i Bømlo kommunestyre:

INNHALD

1	INNLEIING	3
1.1	BAKGRUNN OG FØREMÅL.....	3
2	PLANLAGT SITUASJON	3
3	GJELDANDE PLANSTATUS	3
4	LOKALISERING OG PLANAVGRENSING	5
5	PLANPROSESS OG MEDVERKNAD	6
5.1	PLANFRAMLEGG MED KONSEKVENSGREIING	6
5.2	PLANPROSESS OG MEDVERKNAD	7
6	FØRINGAR OG RAMMER FOR PLANARBEIDET	8
7	SENTRALE FAGTEMA I PLANARBEIDET	8
7.1	NATURMANGFALD	8
7.2	LANDSKAP.....	9
7.3	FRILUFTSLIV	9
7.4	STRANDSONE	10
7.5	BARN OG UNGE, MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE OG ELDRE SINE INTERESSER.....	10
7.6	KULTURMINNE OG KULTURMILJØ	10
7.7	NATURRESSURSAR	11
7.8	TRANSPORT PÅ VEG	12
7.9	FORUREINING	12
7.10	KLIMAGASSUTSLEPP	13
7.11	NÆRING OG TENESTER	13
7.12	GRUNNFORHOLD OG MASSEBEREKNING.....	13
7.13	VATN, AVLØP OG OVERVATN	13
7.14	RISIKO OG SÅRBARHEIT	13
8	UTGREIINGSPROGRAM FOR KONSEKVENSGREIING	14
8.1	ALTERNATIV SOM SKAL UTGREIAST	14
8.2	METODE.....	14
8.3	UTGREIINGSTEMA OG KUNNSKAPSGRUNNLAG	15

1 Innleiing

Planprogrammet er utarbeidd i samsvar med plan- og bygningslova (pbl.) § 4-1 og forskrift om konsekvensutgreiing (2017). Planprogrammet gjer greie for bakgrunn, innhald og framdrift, samt medverknad og utgreiingsprogram for konsekvensutgreiinga (KU). Planarbeidet vert utført av Nordplan Stord AS på vegne av tiltakshavar Bømlo Utbygging AS.

Hovudføre mål med ny plan	Bustadområde
Planområdets storleik	Om lag 26 daa
Aktuelle problemstillingar	Tilkomst, strandsone, terrengtilpassing, utforming av bustadområde
Krav om konsekvensutgreiing	Ja
Oppstartsmøte	21.11.2025
Varsel om oppstart og høyring av planprogram	
Vedtak planprogram	

1.1 Bakgrunn og føremål

Føremålet med planen er å legge til rette for eit nytt bustadområde ved Stongarvågen, Rubbestadneset. Området vil verta lagt til rette for etablering av ulike typar bustadar med tilhøyrande tilkomst og leikeareal. Området ligg i tilknytning til eksisterande bustadområde Ramsdalen, og vil verta knyta saman med dette bustadområdet med gangveggar. Tilkomst til området vil verta i ny etablert avkøyring frå fv. 5006 Rolvsnesvegen.


Området er synt til LNF-spreidd i gjeldande kommuneplan 2013 – 2025. I høyringsforslag til ny kommuneplan er området synt til framtidig bustadområde. Området er ikkje tidlegare regulert. Ein er ikkje kjent med nye planar eller andre prosjekt som grensar til planområdet.

2 Planlagt situasjon

Planframlegget vil legge til rette for å etablere ulike typar bustadar innanfor området. Det vil verta lagt til rette med tilkomstveggar og leikeareal. Ein vil sjå på tilhøva for mjuke trafikantar i høve kryssingspunkt for fv. 5006 Rolvsnesvegen og gangareal langs Rolvsnesvegen fram til eksisterande tilbod. Det vil og leggjast til rette for gangtilkomst mellom eksisterande tilgrensande bustadfelt Ramsdalen og nytt bustadområde. Eksisterande avkøyringar vert sanert og det vert opparbeida eitt nytt kryss ut på fv. 5006 innanfor området. Fv. 5006 vil verta utbetra på strekninga fram til nytt kryss, samt at det vert opparbeida fortau langs strekninga.


3 Gjeldande planstatus

Planområdet er avsett til spreidd bustadbygging i gjeldande kommuneplan for Bømlo, 2013 - 2025.



Figur 1 Utsnitt gjeldende kommuneplan 2013 - 2025, og plangrensa med svart stipla linje.

Deler av planområdet overlappar med tilgrensande reguleringsplan 201204 Langholm - Marka, vedteke 16.06.2014. Området som overlappar er regulert til anna veggrunn - grøntareal og friluftsområde. Planen opnar for frittliggjande og konsentrerte bustadar. Det er i tillegg sett av areal til leikeplass, veg, parkeringsareal samt friluftsområde.



Figur 2. Utsnitt med gjeldende reguleringsplan 201204 Langholm – Marka. Varsla plangrense er synt med svart stipla linje.

Planen overlappar i tillegg med den eldre planen Ramshellaren, R-61, vedteken 06.09.1993. Området som overlappar er regulert til vegareal (fylkesveg).

Tilgrensande plan i sør er Reguleringsplan Stangervåg, gnr. 82, bnr. 56 og delar av gnr. 82, bnr. 1, PlanID 201315. Planen regulerer eit naustområde med tilkomstveg.


4 Lokalisering og planavgrensning

Planområdet ligg nordaust-sida av Søre Stongarvågen, på Rubbestadneset i Bømlo kommune.



Figur 3. Oversiktskart. Planområdet markert med svart stipla linje.

Planområdet er om lag 26 daa, og omfattar følgjande eigedomar: gnr./bnr. 82/9, 82/20, 82/37 og 82/88, samt delar av eigedomane gnr./bnr. 82/2, 82/3, 82/49 og 82/97. Plangrensa omfattar berre deler av eigedomane 82/2, 82/3, 82/49 og 82/97, desse er med grunna tilkomst, siktilhøve og ev. areal for vegutviding/fortau.



Figur 4 Planavgrensing. Sjå vedlagt plangrense for detaljar.

5 Planprosess og medverknad

5.1 Planframlegg med konsekvensutgreiing

Føremålet med planprogrammet er å definere rammene for planarbeidet, inkludert fastsetjing av tilhøve som skal utgreiast og skildrast nærare i planframlegget. Eit anna føremål er å informere relevante planmynde, organisasjonar og involverte partar, og få innspel til gjennomføringa av reguleringsplanen og konsekvensutgreiinga

(KU). Planprogrammet skal sikre tidleg medverknad og avklare viktige problemstillingar på eit tidleg tidspunkt i planarbeidet.

Planen skal utarbeidast som ei detaljregulering i samsvar med plan- og bygningslova § 12-3. Planarbeidet er vurdert etter konsekvensforskrifta (2017). Reguleringsplanen vert omfatta av § 6 b) då planen ikkje er i tråd med gjeldande kommuneplan, og difor ikkje tidlegare er konsekvensutgreia.

Følgjande tema er aktuelle å konsekvensutgreie:

- Natur og landbruksomsyn
- Landskap
- Friluftsliv
- Infrastruktur og trafikktryggleik
- Generelle samfunnsomsyn

Konsekvensutgreiinga skal, så langt det er hensiktsmessig, baserast på Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941. For tema som ikkje inngår i rettleiaren vil metodikken tilpassast på ein hensiktsmessig måte.

Andre aktuelle fagtema som strandsone, kulturminne, folkehelse, barn og unge, ROS-analyse etc. vil vera del av planomtalen, jf. pbl. §§ 4-2 og 4-3, men då ikkje ved hjelp av metodikk utarbeidd for konsekvensutgreiingar.

Det fastsette planprogrammet skal liggja til grunn for utarbeiding av planforslag med konsekvensutgreiing. Føremålet er å klargjere verknadane av tiltak som kan få vesentlege konsekvensar for miljø, naturresursar og samfunn. Konsekvensutgreiinga skal sikre at disse verknadane vert vurdert, både under planlegging av tiltaket og når det skal takast stilling til om tiltaket skal gjennomførast, eventuelt på kva vilkår og/eller med avbøtande tiltak.

5.2 Planprosess og medverknad

Krav til planprosess er fastsett i plan- og bygningslova og forskrift om konsekvensutgreiingar. I arbeidet med detaljreguleringa er det ønskeleg med medverknad frå ulike grupper som har interesse av eller vert påverka av planarbeidet.

Alle offentlege organ, fagmynde og interesseorganisasjonar er høyringspartar og vil få tilsendt varsel direkte. Andre vert varsla om planarbeidet via kunngjering i avis.

Detaljreguleringa skal gjennom følgjande prosess:

- Forslag til planprogram og varsel om oppstart vert lagt ut på høyring til naboar og offentleg mynde og varsla i avisa.
- På bakgrunn av innspel til varsling, vert endeleg planprogram politisk vedteke.
- Planforslag med plankart, føresegner og planskildring med konsekvensutgreiing vert utarbeidd på bakgrunn av planprogrammet.
- Planforslaget (1. gongs handsaming) vert handsama av ansvarleg mynde i kommunen og deretter lagt ut på offentleg ettersyn. Naboar og offentleg mynde kan då gje merknadar.
- Gjennomgang av merknader frå offentleg ettersyn, eventuelle endringar av planframlegget.
- Plan for endeleg godkjenning (2. gongs handsaming) i kommunen.

Førebels tidsplan

Oppstartsmøte	21.11.2025
Varsel om oppstart/høyring av planprogram	Vår 2026
Planlegging og utarbeiding av konsekvensutgreiing	Vår – Haust 2026
Høyring planforslag	Vinter 2026/2027
Vedtak	Vår 2027

6 Føringar og rammer for planarbeidet

Tilhøve til nasjonale mål og retningslinjer, regionale planar, kommuneplanar og andre relevante planar skal kort gjerast greie for i planarbeidet. Det skal gjerast greie for i kva grad planen samsvarar med gjeldande planar i området.

Nasjonale og regionale føringar og rammer

Relevante lovverk er ikkje lista opp, men ligg til grunn for planarbeidet.

- Statlige planretningslinjer for klima- og energi (2024)
- Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet (2025)
- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen
- Rundskriv H5/18, Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling
- Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442)
- Klimaplan for Hordaland 2015-2030
- Regional plan for folkehelse 2014-2026
- Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027
- Regional plan for kultur 2023-2035
- Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger, 2017
- Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033
- Utviklingsplan for Vestland 2024-2028
- Plaststrategi - ein plastfri natur og hav i Vestland
- Regional transportplan 2022-2033 for Vestland (RTP)
- Regional plan for klima 2022-2035
- Regional plan for fornybar energi 2023-2035

Lokale føringar og rammer

- Kommuneplanen sin samfunnsdel 2025-2035
- Kommuneplanen sin arealdel 2013-2025
- Trafikksikringsplan 2020-2024
- Kommunal vegnorm 2018
- Akseptkriterium og metode for ROS
- Handlingsplan for klima og energi 2023-2025
- Kommunedelplan for vatn og avløp 2024-2055
- Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2016-2022
- Kommunedelplan for kulturminne 2021-2032
- Kommunedelplan oppvekst 2019-2024
- Skulebruksplan 2025-2031

7 Sentrale fagtema i planarbeidet

Sentrale fagtema i planarbeidet vert gjort greie for her. Kapittel 5.1 skildrar kva fagtema som skal konsekvensutgreiast. Andre aktuelle fagtema vil vera del av planomtalen, jf. pbl. §§ 4-2 og 4-3. Kapittel 8 skildrar alternativ som skal utgreiast, metodikk og kunnskapsgrunnlag.

7.1 Naturmangfald

Innanfor planområdet er det vanleg førekomande naturmiljø med spreidd lauvskog, einer, lyng og kratt. Det er ikkje registrert særskilt utvalde naturtypar eller artar av nasjonal forvaltningsinteresse i det aktuelle området. Sør og nord, samt i tilgrensande område i aust er det etablerte bustadeigedomar.

Ei vidare utbygging av området vil ha innverknad på området i form av arealbeslag. I planprosessen vil ein sjå nærare på planen sin verknad på naturmiljøet. Planframlegget skal leggja til grunn krav til dokumentasjon, kunnskapsgrunnlag og vurderingar i naturmangfaldlova §§8 – 12.

Naturmangfaldet vert ei del av konsekvensutgreiinga for tema natur og landbruksomsyn. Det er ikkje lagt opp til ny kartlegging av området.

7.2 Landskap

Planområdet er i landskapsområde Kystbygdene på Vestland, Indre øy-, holme og skjergardslandskap, med landskapsverdi 2 – vanleg førekomande landskap. I NiN ligg området innanfor beskytta indre småkupert kystslette (LA-TI-K-S-9) beskrive som: *Typen omfattar landskap på den indre delen av kystsletta, ofte på innsida av større øyer eller i kystsletta innover mot fjordane som i større grad er skjerma for bølge- og vindeksponering frå ope hav. Landområda har «innlandseigenskap» i form av førekomst av vassdrag og auka arealbruksintensitet. Områda høyrer til den meir kupert delen av kystsletta med vekslende terreng over og under havnivå. Områda har middels arealbruksintensitet, frå område heilt utan bebyggelse og infrastruktur til mindre grender, fiskevær, samlingar av fritidsbygg og næringsverksemdar. Større samferdsleanlegg og flyplassar med større grasareal kan inngå. Omfang av bygg, infrastruktur og menneskeleg arealbruk samvarierar ofte med eksponering mot vind og bølger frå ope hav.*


Det er innsyn til området frå sjøområdet ved Søre Stongarvågen. Då området ligg på eit mindre høgdedrag vil området vera synleg frå delar av eksisterande busetnad rundt, både i sør og aust. Det vil og vera innsyn frå friluftsområdet vest for Søre Stongarvågen. Bustadområdet vil verta som ei naturleg utviding av det etablerte bustadområdet i Ramsdalen.

Det skal gjennomførast ei landskapsfagleg vurdering etter rettleiar M-1941 av korleis nye tiltak vil påverke kvalitetar og opplevingsverdi av landskapet. Landskapet sin karakter og planframlegget sin visuelle påverknad på landskapet skal synleggjerast i konsekvensutgreiinga. Det skal utarbeidast synlegheitsanalysar som viser kvar planområdet er synleg frå. Dette skal m.a. gjerast ved å illustrera ny utbygging ved hjelp av 3D illustrasjonar frå ulike perspektiv (nær- og fjernverknad).

7.3 Friluftsliv

Planområdet er ikkje del av registrerte eller kartlagde friluftslivområde. Det er heller ikkje registrert interesser knytt til friluftsliv, nærmiljø, barn og unge i det aktuelle området. Vest for planområdet er det eit registrert friluftslivområde – Stongarvågen – Steinsfjellet, dette er registrert som eit viktig friluftsområde av områdetype *marka*. Dette er eit lett turterreng med delvis grusa sti. Området har middels brukarfrekvens og er stort sett inngrepsfritt.

På ut.no ligg det turforslag for rundtur rundt Stongarvågen. Dette er ei merka rundløype på om lag 4,5 km. Langs turløypa er det bygd gapahuk med grillplass, ved Selsvatnet. Løypa går langs Rolvsnesvegen, ved planområdet.




Figur 5 Utsnitt som syner friluftsområdet Stongarvågen – Steinfjellet og Bømlo turlag si merka rundløype i området.

Det skal gjennomførast konsekvensutgreiing for tema friluftsliv etter rettleiar M-1941.

7.4 Strandsone

Planområdet ligg delvis innanfor 100-metersbeltet, men er åtskilt frå den nære strandsona av fv. 5006, Rolvsnesvegen. Det er bratt terreng mellom Rolvsnesvegen og sjøarealet på denne strekninga. Rolvsnesvegen ligg om lag på kote + 20, og planområdet ligg på oppsida av Rolvsnesvegen, med høgste terreng på kote + 27.



Figur 6 Utsnitt frå Fylkesatlas.no; potensielt tilgjengeleg strandsone.

I planomtalen skal verknad for strandsoneverdiene i planområdet og nærområdet vurderast med omsyn til kjent kunnskap og synfaringar. Utbygginga vil ha fjernverknadar for interesser strandsona er sett til å ivareta. I tillegg skal planforslaget sin verknad sett i lys av overordna føringar for strandsoneforvaltning vurderast her. Dette gjeld vurderingar opp mot m.a. Statlege planretningslinjer og regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger.

7.5 Barn og unge, menneske med nedsett funksjonsevne og eldre sine interesser


Det er ikkje kjent at barn- og unge nyttar planområdet som eksisterande leike- og opphaldsareal i dag. I planarbeidet skal det gjerast vurderingar som sikrar tryggleik for barn og unge fram til viktige målpunkt. Det skal gjerast greie for møteplassar i og utanføre planområdet for både barn, unge og eldre. Det skal fokuserast på trafikktryggleik, tilgang til friluftsområde og moglegheit for varierte møteplassar for opphald, leik og utvikling.

Planomtalen skal belyse tilhøva til den demografiske utviklinga i Rubbestadneset, og ein skal ta omsyn til behovet for tilgjengelege bustadar med livsløpstandard.

7.6 Kulturminne og kulturmiljø

Det er ikkje kjente kulturminne eller kulturmiljø innanfor planområdet. Det er heller ingen kjente registreringar av kulturlandskap innanfor eller i nærleiken av planområdet.

På motsett side av Søre Stongarvågen er det registrert tre kulturminnelokaliteter, busetting- aktivitetsområde frå yngre og eldre steinalder.




Figur 7. Kjente automatisk freda kulturminne i nærområdet til planen.

7.7 Naturressursar

Det er ikkje registrert jordbruksareal innanfor planområdet. Området er registrert med uproduktiv lauvskog, impediment. Området er grunnlendt. Delar av arealet er bebygd og open fastmark. Planframlegget vil ikkje vera i konflikt med dyrka mark, men naturressursar skal omtalast i planomtalen.

Det er ikkje registrert gyteområde, låssettingsplassar eller fiskeplassar i sjøområdet i Søre Stongarvågen.



Figur 8 Utsnitt som syner AR5, kjelde: Fylkesatlas.no


7.8 Transport på veg

Tilkomst til området vil verta via fv. 5006, Rolvsnesvegen. I dag er det to ulike tilkomstar frå fylkesvegen til bustadeigedomar innanfor og tilgrensande planområdet frå denne vegen. Ein ser føre seg å sanera desse to avkøyringane, og erstatte desse med ei ny avkøyring frå Rolvsnesvegen.

Fylkesveg 5006 har ein registrert ÅDT på 700 kjt/døgn, med andel lange køyretøy på 10 %. Fartsgrense på strekninga er 50 km/t. Vegbreidda varierer frå om lag 3,5 – 6 meter på strekninga.

Det er registrert to møteulykker i kurve på strekninga, ei ulykke mellom to personbilar i 2000, aust for krysset ved Ramsdalen, ei ulykke mellom lett MC og personbil i 2024, vest i området.

Det er ikkje fortau langs fylkesvegen på strekninga frå Ramsneset og vestover. Det er busslomme på sørsida av vegen, ved krysset inn til Ramsneset.



Figur 9 Dagens busshaldeplassar

Nytt bustadområde vil føra til ei mindre auke i trafikkmengd på Rolvsnesvegen. Det er planlagt for fortau langs fylkesvegen, frå kryss med Ramsdalen til nytt kryss inn til bustadområdet. Det vil og verta lagt til rette for fortau internt i planområdet, på delar av hovudvegen, samt gangforbindelsar til nærliggande bustadområde Ramsdalen.

Det skal i planarbeidet utarbeidast konsekvensutgreiing for tema infrastruktur og trafikktryggleik, der konsekvens for trafikktryggleik, barn og unge, mjuke trafikantar, tilgjenge og kryssløysingar, trafikkmønster, kollektivdekning, byggegrense mot veg og konsekvensar for fylkesvegnettet skal utgreiast. Det er ikkje planlagt kartlegging av vegstøy som del av planarbeidet.

7.9 Forureining

Forureining, inkludert støy, støv og lys er viktige problemstillingar for folkehelsa, barn og unge, samt nærmiljøet. I tillegg er det eit viktig kunnskapsgrunnlag for å vurdere planforslaget sin verknad for naturmangfald og friluftsliv.

Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor planområdet eller i tilgrensande område i dag. Det er ikkje kjent at det er støyande verksemder i nærområdet. Planframlegget vil leggje til rette for eit nytt bustadområde. Det er i utgangspunktet ikkje truleg at denne aktiviteten vil medføre store utfordringar knytt til forureining på land.

Det er ikkje vurdert at støy, luftforureining og forureina grunn er relevante tema i konsekvensutgreiinga. Desse temaa vil verte omtalt i planomtalen, og i ROS-analysen.

7.10 Klimagassutslepp

Klimagassutslepp er knytt til både arealbruk/nedbygging av karbonrike areal, utbygging som kan gi auka transport, samt utslepp av drift/industri/materialbruk/anleggsarbeid. Planområdet omfattar i liten grad karbonrike areal, utover at delar av området er registrert med lauvskog, sjå figur i kapitel 7.7 (Ar5). Det er ikkje registrert myrområde innanfor planområdet. Planområdet er i dag for det meste ubyggt naturområde, det er etablerte bustadar innanfor området i sør og nord. Planen vil leggje til rette for vidare utvikling av området til bustadområde.

7.11 Næring og tenester

Det skal ikkje leggjast til rette for næringsareal innanfor planområdet. Planframlegget vil likevel omtale avstandar til relevante målpunkt, som kan vera viktige for brukarane og bebruarane av området.

7.12 Grunnforhold og masseberekning

Planområdet ligg under marin grense, i aktsemdsområde kvikkleire. Geologi, landskap og jordsmonn tilseier at det er lite fare for kvikkleire i området. Det skal gjerast ei vurdering av områdestabilitet etter NVE sin rettleiar nr. 1/2019 for å vurdere områdestabilitet i planområdet.

Det skal gjerast ei vurdering av massehandteringa i planarbeidet.

7.13 Vatn, avløp og overvatn

Det er planlagt å kople seg til eksisterande system for vatn og avløp i Ramsdalen. Her ligg det føre tilstrekkeleg sløkkevatn. Overvatn må handterast i eige system. Det er tankar for å etablere eit borehol ned til sjø, under fylkesvegen. Det skal i planarbeidet utarbeidast ein overordna VA-rammeplan som viser prinsippøysingane for vatn, avløp og overvatn.

7.14 Risiko og sårbarheit

For å kunna redusera omfang av skadar og uønska hendingar, skal risiko og sårbarheit kartleggast i høve menneskeskapte og naturskapte hendingar. Analysen vert utført i samsvar med DSB sin rettleiar om «Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging» (2018). Akseptkriteria til Bømlø kommune skal òg nyttast.

Planområdet ligg ikkje innanfor aktsemdsområde for skred eller flaum. Planområdet ligg om lag 20 m.o.h., og området vil såleis ikkje vera utsett for risiko knytt til havnivåstigning og stormflo. Planområdet ligg under marin grense, og områdestabilitet er eit aktuelt tema, som skal vurderast i tråd med NVE sin rettleiar 1/2019 *Sikkerhet mot kvikkleireskred*. Det er ikkje registrert forureina område innanfor eller i nærleiken av planområdet. Det er registrert gul støysone i tilknytning til fylkesvegen, men det er elles ikkje kjent at det er lokalisert støyande verksemder i nærområdet.

Moglege konsekvensar planlagde tiltak vil ha på beredskaps- og ulukkesrisiko vil verta utgreia gjennom ROS-analysen. ROS-arbeidet og konsekvensutgreiinga vil verta sett i samanheng ved at det ikkje er nødvendig å vurdere same tilhøve to gonger i reguleringsplanen.

8 Utgreiingsprogram for konsekvensutgreiing

8.1 Alternativ som skal utgreiast

Planar etter KU-forskrifta skal gjere greie for vurderte alternativ og i naudsynt grad omfatte utgreiing av relevante og realistiske alternativ, her medrekna alternativ lokalisering. Tilrådd alternativ skal grunnjevast.

0-alternativet: Tiltaka i reguleringsplanen skal vurderast opp mot eit 0-alternativ som er ei skildring av den framtidige utviklinga for området dersom reguleringsplanen ikkje vert gjennomført. 0-alternativet er ein målestokk for vurderinga av planen sine forventa konsekvensar. 0-alternativet i denne plansaka er dagens situasjon og rammene til gjeldande kommuneplan.

Planalternativ: Hovudmålsettinga for planarbeidet er å leggja til rette for eit nytt bustadområde med trafikkisikker tilkomst. Ut frå kjent kunnskap og usikkerheit, samt at tiltakshavar har tilgang til dette arealet, ser ein det ikkje som naturleg å utgreie alternativ til plassering av planområdet.

Det har i forarbeidet til planen vore vurdert ulike tilkomststar til området. Eit alternativ som er vurdert er tilkomst gjennom tilgrensande bustadområde, Ramsdalen. Dette alternativet har ein vald å ikkje gå vidare med sidan det ikkje er nok areal til å etablere fortau langs tilkomstvegen internt i det eksisterande bustadfeltet.

I vidare planarbeid skal ein vurdere plasseringar av ny tilkomst til området. Det skal takast omsyn til terrengtilhøva, siktsituasjon og utnytting av området ved plassering av tilkomsten. Det må og vurderast alternative løysingar for fortau langs fv. 5006 Rolvsnesvegen. Alternativa skal vurderast i samarbeid med Vestland fylkeskommune.

I planarbeidet skal ein vurdere ulik utnytting og utforming av området og bygningane.

8.2 Metode

For å kunne analysere føremoner og ulemper av eit tiltak er det naudsynt å vite kva konsekvensar tiltaket gir. Konsekvens kjem fram ved å samanhalde verdi og omfang av tiltaket innanfor det enkelte tema, inkludert ev. avbøtande tiltak. Ein føresetnad for konsekvensanalysar er at ein kan klarlegge samanhengar mellom årsak og verknad. Konsekvensane av eit tiltak kjem fram ved å berekne eller vurdere forventa tilstand etter gjennomføring av tiltaket mot forventa tilstand utan tiltaket. Ein må ha ein referansesituasjon – nullalternativ – for å kunne seie noko om konsekvens. Det må i kvart enkelt prosjekt vurderast kva som er tilstrekkeleg kunnskapsnivå for å sikre eit godt nok grunnlag for avgjerder. Konsekvensutgreiinga vil i hovudsak vera basert på eksisterande kunnskap frå kjente og tilgjengelege databasar og dokument.

Konsekvensutgreiinga skal, så langt det er hensiktsmessig, basera seg på metodikken i Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941 (2023). Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941 vil verta nytta for å vurdere planframlegget for tema landskap og friluftsliv. For dei andre tema som rettleiaren ikkje omfattar, er metodikken tilpassa til det enkelte fagtema.

For enkelte utgreiingstema er det hensiktsmessig at konsekvensutgreiinga skil mellom konsekvens for tiltaksområdet og konsekvens for influensområde. Tiltaksområdet famnar om alle område som blir påverka direkte ved gjennomføring av planlagde tiltak. Influensområdet omfattar areal og område rundt tiltaksområdet, der tiltaket kan tenkast å påverke verdiane som vert utgreidd. Ut frå ei samla vurdering av mellom anna funksjon, kvalitet, kvantitet, viktigheit og omfang vert konsekvensen av tiltaket analysert. Viser til rettleiaren M-1941 for skildring av dei ulike stega og definisjonar av verdi, verknad, konsekvens og konsekvensgrad.

Hovudstega i utgreiinga vil vera:

- 1) Kartfesting og verdisetting av delområde
- 2) Vurdere verknad for delområda
- 3) Vurdere avbøtande tiltak

- 4) Vurdere konsekvensgrad for delområda med grunnlag i konsekvensvifta og ei samanstilling for fagtemaet.

8.3 Utgreiingstema og kunnskapsgrunnlag

Konsekvensutgreiinga vil gå parallelt med planarbeidet og vil bli innarbeidd som en del av planskildringa.

Aktuelle tema for konsekvensutgreiinga er:

- Natur og landbruksomsyn
- Landskap
- Friluftsliv
- Infrastruktur og trafikktryggleik
- Generelle samfunnsomsyn

Utgreiingstema	Eksisterande kunnskapsgrunnlag (ikkje uttømande)	Kommentarar, ev. innhenting av nye kunnskapsgrunnlag
Natur og landbruksomsyn	Naturbase Artskart/Artsdatabanken Vannportalen NIBIO Lokalkunnskap Grunnforhold (forureining) AR5 Landbruksplan	Synfaring i området. Ei utvikling av området vil medføre verknader på natur og registreringar i området. I planprosessen vil ein sjå nærare på planen sin verknad på naturmiljøet. Planframlegget skal legge til grunn krav til dokumentasjon, kunnskapsgrunnlag og vurderingar i naturmangfaldlova §§ 8-12. Det er ikkje lagt opp til ny kartlegging av området. Planen vil legge til grunn omdisponering av naturområde. Med utgangspunkt i AR5-kart skal omfang og verknad av omdisponering utgreiast og avbøtande tiltak skal takast inn i planforslaget. Landbruk er ikkje eige fagtema i M-1941. Konsekvensutgreiinga vil basere seg på metodikk med verdisetting, vurdering av verknad, avbøtande tiltak og konsekvens for delområde slik som i M-1941, men med ei skjønnsmessig vurdering av verdi og konsekvens.
Landskap	Kommuneplanen sin arealdel Grunnkart som syner busetnad Nasjonalt referansesystem for landskap Landskapstypar ved kyst og fjord i Hordaland Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke. Aurland Naturverkstad Aurland Naturverkstad, rapport 07-2011	Synfaring skal gjennomførast. Planområdet ligg på ei terrenghøgde, og ein skal ha særskilt fokus på terrengtilpassing. Det skal gjennomførast ei landskapsfagleg vurdering ihht. rettleiar M-1941 av korleis tiltaka vil påverke kvalitetar og opplevingsverdi i landskapet. Landskapet sin karakter og planframlegget sin visuelle påverknad på landskapet skal synleggjerast i konsekvensutgreiinga. Det skal utarbeidast synlegheitsanalysar som viser kor planområdet er synleg frå. Dette skal m.a. gjerast ved å illustrere ny utbygging ved hjelp av 3D-illustrasjonar frå ulike perspektiv (nær- og fjernverknader).

Friluftsliv	Fylkesatlas.no Kommuneplanen sin arealdel Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv Statlege retningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona Rettleiar for planlegging i strandsona i Vestland Lokalkunnskap	Det meste av planområdet består i dag av naturområde. Det er ein eksisterande bustadeigedom i sør, og ein i nord. Det er i tillegg to tilgrensande bustadeigedomar i nordre del av området. Det er ikkje registrert kartlagde friluftslivsområde innanfor planområdet, men det er eit viktig friluftslivsområde rett vest for planområdet. Det skal gjennomførast ei fagleg vurdering ihht. rettleiar M-1941 for tema friluftsliv av korleis tiltaka vil påverke kvalitetar og m.a. opplevingsverdi. Særleg skal forholda for tilgjenge til friluftsområde for barn og unge vurderast.
Infrastruktur og trafikktryggleik	Kommuneplanen sin arealdel Statens vegvesen: Handbok N100 Statens vegvesen: Handbok V712/713 Kartbasen NVDB, vegkart Trafikksikringsplan 2020 - 2024 Kommunal vegnorm 2018	Ein skal vurdere trafiksikker tilkomst til planområdet for både køyrande og gåande. Ein skal vurdere behovet for støykartlegging. Trafikktryggleik og skuleveg vert sentrale utgreiingstema. Tema infrastruktur og trafikktryggleik er ikkje eige tema i M-1941. Konsekvensutgreiinga vil basere seg på ei tekstleg vurdering med vurdering av verknad og avbøtande tiltak, men med ei skjønnsmessig vurdering av verdi og konsekvens.
Generelle samfunnsomsyn	Skulebruksplan 2025 - 2031 Samfunnsplan Generell utvikling i kommunen SSB	Konsekvensutgreiinga skal vurdere og synleggjere om foreslått utvikling er rett utvikling på rett stad til rett tid. Tema generelle samfunnsomsyn er ikkje eige tema i M-1941. Konsekvensutgreiinga vil basere seg på ei tekstleg vurdering med vurdering av verknad og avbøtande tiltak, men med ei skjønnsmessig vurdering av verdi og konsekvens.

nordplan.

Nordplan Stord AS
Postadr.: Pb. 32, 5401 Stord
Besøksadr.: Borggata 12
poststord@nordplan.no